

HORDALAND SOGELAG

Referat styremøte 1/2024 20. februar

Stad: Vestlandshuset, møterommet S-Vest-Fjordarmen-Eklogitt)

Tid: 20. februar kl.1300 -1600

Til stades: Anne-Liv Soldal, Sigmund Simmenes, Knut Farestveit, Mikal Heldal og Ågot Gammersvik

SAKLISTE

1. Godkjenning av innkalling og saklista

Vedtak: Godkjend.

2. Referat frå styremøtet 22. september 2023

Vedtak: Godkjend.

3) Økonomi

Rekneskap for 2023 lagt fram ved styreleiar. Rekneskap er sendt revisor, men revisjonsmelding ligg ikkje føre endå. Vart drøfta kven, i tillegg til styret, som får dekkja reis og opphald av Hordaland Sogelag. Budsjettt vart arbeidd fram i møtet.

Vedtak: Godkjend rekneskap 2023 og budsjett for 2024. Styreleiar sender ut oppsett budsjett til styret. Søknad om stønad til Lokalhistoriske dagar og stønad til kursvert sendt Vestland fylke av styreleiar, med frist 15. mars.

4) Planlegging av årsmøtet 12. mai kl 10 på Stalheim Hotell

Saksliste for årsmøtet:

- a. Godkjenning av innkalling, sakliste og forretningsorden
- b. Årsmelding
- c. Rekneskap 2023 og budsjett 2024
- d. Val
- e. Innkomne saker

Vedtak: Innkalling til årsmøtet sendast ut seinast ein månad før, med 14 dagar frist for innsending saker til årsmøtet.

5) Referat frå møte i landslaget der Mikal Heldal møtte 28. oktober

Mikal orienterte frå samlinga. (Sjå eige ref. sendt e-post)

- a. Hovudfokus var Utvandrerjubileet i 2025. Landsnemnd med leiar frå Norsk Utvandremuseum i Oslo. Er gitt sentrale bevilgningar til dette jubileet.
- b. Samiske tilhøve.
- c. Bureising etter 1906, med vekt på 1930-talet.

Vedtak: Saka tatt til orientering.

6) Kurs Kva skal vi arbeida vidare med? Temaprioritering.

a) Medlemsmøte

Bør kallast inn til medlemsmøte haust 2024 for alle lokallag, haldast i Bergen

b) Kurs

Mikal orienterte om planlagde kurs 25. april Stord v/Atle Tornes + kurs i Lindås, der han er ansvarleg for organiseringa.

c) Nettsida: Kåre Malkenes avsluttar arbeidet, og ny avtale er gjort med Bent Sigmund Olsen.

Vedtak: Styret følgjer opp planlegging og gjennomføring av kurs.

7) Lokalhistoriske dagar 2024 - samarbeid med Vossestrand sogelag

Vossestrand sogelag skal ha møte 14. februar og eg reknar med å kunna leggja fram program utarbeidd av dei på styremøtet vårt.

Program lagt fram av Knut Farestveit etter samarbeid med Trygve Dugstad i Vossestrand sogelag:

Laurdag 11. mai:

Kl.11.30; Frammøte med innsjekking Stalheim hotell

Kl.12.00; Lunsj på Stalheim hotell med velkomsthelsingar frå ordførar mv.

Kl.13.00: Omvising på Stalheim museum ved Trygve Dugstad

Kl.15.00: Tur ned til minnesteinen for Per Sivle øvst i Stalheimskleivi

Kl. 16.00 Trygve Dugstad fortel om kunstverka på Stalheim hotell og ymse anna om hotellet si soge.

Kl. 17.30 Musikkinnslag og verbale innslag m.a. om Per Sivle v/Gudmund Furu m.fl.

Kl. 19.00 Festmiddag på hotellet. Kulturelle innslag.

Søndag 12. mai

Kl. 08.30; Frokost

Kl. 10.00; Årsmøte på hotellet

Kl. 11.30: Utsjekking

Kl. 12.00: Avreise. Bil til oppheim kyrkjegard der me vitjar «Mor si grav»

Kl. 12.30: Frammøte ved minnesteinen for spelemannen Sjur Helgeland i Myrkdalen.

Kl. 14.00: Lunsj i Myrkdalen på Vossestrand eller Myrkdalen hotell. Folkemusikk ved lokale Musikkarar

Kl. 16.00 Heimreis.

Vedtak: Godt framlegg til program, som Knut følgjer opp i samarbeid med Vossestrand sogelag.

8) Eventuelt

a. Reiserekning og utlegg må sendast Anne Liv snarast.

b. Planlegg neste styremøte til medio april. Anne Liv sender ut varsel.

Ref. 20.02.2024

Ågot Gammersvik